Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Leksvik

Emne: Lauving | Bygdelag: Blankbygda

Oppskr. av: Johannes Hagen | Gard: Hagen

(adresse): Leksvik | G.nr. 34 Br.nr. 2 + 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det vert enda lauva noko, men går meir om senn ut av bruk. Det har vori årvisst før, men no er det meir kjelkefôr i dårlege høyår. Det vart lauva noko i naudtida.

2 Mellom slått- og skuronn var det og taka lauv (kjerve), og å kangle (risje) lauv var siste halvdel av september. Det heitte lauvtaking

I hovudsaka bjørklauv men litt rogn og olderlauv og.

3 reiskapen til kjerving var ein lauvkrok, gjort som oftast av ein utsliten ljå, til kangling var det berre hendene. Men kangling er det no heilt slutt med, det er mellom 30 og 40 år sidan eg såg nokon som nytta denne haustingsmåten. Det var rognlauv dei kangla (utt. m. tjukk l)

4 Både av tre som vert hogge ned og av rotfaste. No da lauving ikkje lenger er årviss vert lauvet teke meir tilfeldig, men da far min var ungdom (fødd i 1867) og føre den tid tok dei lauv 3dje kvart år av bjørka. ~~Ho~~ var

1810

vel da omlag manns høg. Alderen på
trea kunne vera litt ömse. Lauving
var da like årvisst og like viktig
som föring. I eldre tid var lauvskogen
like viktig som slåttengen og vart verna
om som det, men no er han mindre
akta. Eg ~~ho~~ veit ikkje anna naon
på det enn å taka lauv, og endane
som vart ståande att kalla dei
lauvstöbbar elle staka.

5) Lauvet vert laga til kjervar og
törka på staur, sneisstaur, eller
i langrauk. På staur som korn,
og langrauka er to og to kjerv sett
mot kvarandre og etter kvarandre
så det vert ei lang, smal, saman-
hengande rauke. Likeins vert noko
törka med å henge lauvkjerv opp
i tre, helst i store lauvtre det er
teki lauv av, så ein kan tre kjervane
på lauvstöbbane, da med stylen opp
og topfen ned. Lauvet vert ståande
eller hangande til det er så tört
det kan stå seg i hus utan å mygle.
Lauvstakk har eg korkje sett eller
höyrt tale om, så den har vori lite
eller inkje i bruk her i bygda.
Kjervene vart talde i smalhundre
(100 stk.) og storhundre (120 stk.) mest
i storhundre. Surlauv er ukjent,
likeins at det vart raka saman med
kåa og herja.

6) Frå sætrane vert det kjört heim
samstundes med ~~sæter~~ höyet på
vinterföret.

1810

NORSK ETNOLOGISK GRANSK

andre blad

~~set dei omlag manns tôg~~

Og heime vert dei oftast kjört heim straks dei er tekne og tôrka attmed garden. Hestlaûsingar trillar eller bær det heim som oftast, men nokon fast takst på kor mange kjerv det skal vera i böra er det ikkje det eg veit, det er heilt individuelt. Laûvdugnad kjenner eg ikkje til det er haldi i lange, lange tider.

7) Ja, det vert teki laûv både i innmarka og ûtmarka. Det er ~~a~~ inga fast skilje mellom kar- og kvinnearbeid.

8) Det vert anten lagt oppå höget, eller på kjörbrûa, eller lagt inn i ei gisen sval, kort sagt der ein finn rom for det. Saû og ~~geit~~ får laûvet, omlag 1 kjerv på 3 dyr. som oftast 1 gong om dagen

I eldre tid rekna dei eit storhundre til kvar saû.

9) Alt kjervlaûv som var teki i rett tid vart rekna for godt fôr.

10) Det er sers lite alm i bygda.

11) Samlaûving er det inkje noko av i bygda.

B. Laûv som rakes saman på bakken.

1) Ein kallar det „medfalls-laûv" eller „raddi-laûv"

2) Ask- og rognlaûv.

3) Med ei rive.

4) I sekker eller i ei rognkiste

1810
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4

5) Ja. Kvinner og born gjorde mest av arbeidet, men karane var ogå med.

6) Som oftast breidd utover eit golv eller ein gisen lem, men av dei føremna som vart føra og forgjort.

7) Dei fekk det mest blanda med sörpe, og det var mest kumat.

8) Nei, rakalauvet er ikkje skaldi for noko næringsrikt för, kva slag treslag det er av.

9) Rakelauv er eit hjelpefor. Det var noko brukt under siste storkrigen, og vert til dels brukt enda og, mest av lauvet av hage- og prydtre.

1810

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING